



Hordaland fylkeskommune

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/4158 - 15/492

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
09.01.2015

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – høyring etter fylkeskommunal handsaming

Vedlagt følgjer vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Hordaland fylkeskommune

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
004/15	Kommunestyret	PS	08.01.2015

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/4158

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken – høyring etter fylkeskommunal handsaming

Vedlegg:

Saksutgreiing Hordaland fylkeskommune - Bompengesøknad for Nordhordlandspakken

Saksprotokoll frå fylkestinget 10.12.14

Nordhordlandspakken – søknad om løyve til delvis bompengefinansiering

Bompengesøknad_Nordhordlandspakken_030314 (L)(18337)

Epost Statens Vegvesen Knarvik Sentrum

Signert brev høyring Nordhordlandspakken (L)(18788)

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Lindås kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

Kommunestyret - 004/15

KO - behandling:

May-Eva Sandvik var ugild, som styremedlem i Nordhordlandspakken AS, og deltok difor ikkje under handsaming av saka. Hilde Kvingedal møtte som vara til saka.

Leif Hosøy Sleire vart vald som sette-varaordførar i denne saka.

Helge Hopen og fylkesrådmann Rune Haugsdal orienterte til saka.

Protokolltilførsel AP, H, KRF, V, SP:

Lindås kommune har gjort sitt vedtak 08.01.2015 i sak 004/15 i forståing av at tunell Knarvik-Isdal vert prioritert i første revisjon av Nordhordlandspakka, uavhengig av prosjektet Nyborgtunellen jmf.brev frå fylkesrådmannen dat.08.01.2015.

Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Lindås kommune utset saka om Nordhordlandspakken.

Det skal haldast ei folkerøysting i samband med kommunevalet i september 2015.

Kostnader stipulert til kr. 50 000,- vert tatt frå disposisjonsfondet.

Saka vert handsama i kommunestyret så snart som mogleg etter resultat er klart.

Framlegget fekk 4 røyster (alle FRP) og fall.

Framlegg frå S.Hauge-Ap:

Lindås kommune sluttar seg til fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.2014 om bompengesøknad for Nordhordland under forutsetning av:

1. at planleggingen av Isdal-Knarvik tunellen vert prosjekt nummer ein.
2. ved første revisjon skal fullfinansiering av Isdal-Knarvik vera hovudprosjekt (prioritet ein).
3. arbeidet med revisjon av "Nordhordlandspakken" skal startast opp i 2015.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (H.Kvingedal-H, H.Rydland-H og S.Hauge-Ap)

Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

Lindås kommune sluttar seg ikkje til fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.2014.

Nordhordlandspakken AS vert lagt ned og vegprosjektet vert oversendt Statens vegvesen og fylke, og bed dei gjennomføra vegprosjekta utan bomfinansiering.

Framlegget fekk 7 røyster og fall (B.Vatnøy-Frp, N.Øvreås-Frp, Ø.Moldeklev-Frp, K.Melvær-Frp, I.Hindenes-H, H.Rydland-H, H.Kvingedal-H).

Rådmannen sitt framlegg vart vedteke mot 8 røyster (B.Vatnøy-Frp, N.Øvreås-Frp, Ø.Moldeklev-Frp, K.Melvær-Frp, I.Hindenes-H, H.Rydland-H, H.Kvingedal-H, S.Hauge-Ap).

KO - vedtak:

Lindås kommune sluttar seg til Fylkestinget sitt vedtak frå 10.12.14 om bompengesøknad for Nordhordlandspakken.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i Kommunestyret

Bakgrunn:

Bompengesøknad for Nordhordlandspakken var oppe til politisk handsaming i alle kommunar i Nordhordland hausten 2014. Kommunestyret i Lindås kommune gjorde

følgjande vedtak om Nordhordlandspakken i kommunestyremøte 18.09.14 (sak 69/14):

Kommunane i Nordhordland deler felles utfordringar innan samferdsle og infrastruktur. For å leggja til rette for trafikktryggleik, tilgjenge og ein framtidig attraktiv bu, arbeids- og næringsregion vil Lindås kommune stilla seg solidariske saman om ei Nordhordlandspakke i tre element; utbygging av viktige fylkesvegstrekingar, Knarvik/Isdalstøtunnelen og Nyborgstunnelen (E39).

Første fase inneheld viktige fylkesvegstrekingar og planlegging/prosjektering av Knarvik/Isdalstøtunnelen. Nyborgstunnelen må realiserast på tidlegast mogleg tidspunkt i høve til statlege løyvingar.

1. Lindås kommune tilrår søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 3.3.2014 med dei justeringane som går fram av saksutgreiinga frå Statens Vegvesen Region Vest av 30.4.2014, mellom anna felles oppstart for innkrevjing av bompengar i 2018. I tillegg vil Lindås kommune fylgjande:

Oppgraderinga av Mundalsbergettunnelen (E39), ihht EU-krav, må dekkjast med statlege midlar og går difor ut av pakken. Desse midlane (tot 90 mill.) blir omdisponert til å:

- a. Prosjektere og planlegge Knarvik-Isdalstøtunnelen (20 mill.), og vidare til å sjå på moglegheita med ei felles løysing for Fv 57 og E 39 (med ny trasé for Mundalsbergettunnelen).*
- b. Ramma til Knarvik sentrum (E 39) vert auka (70 mill) for å sikre ei utvikling av regionsenteret til ein framtidsretta tettstad.*
- c. Lista over prosjekta vert endra til at Knarvik-Isdalstøtunnelen kjem inn som nr.2 og at ramma til Knarvik sentrum vert oppjustert til 170 mill.*

2. Lindås kommune ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E 39 Nyborgstunnelen og Fv 57 Knarvik-Isdalstø vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløysing for desse prosjekta. Vi viser forøvrig til tilleggsmærknad i p.1.

3. Lindås kommune ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgstunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal

transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Lindås kommune legg til grunn at Statens vegvesen, Hordaland fylkeskommune og Bergen kommune vil finna ei god og framtidsretta løysing for Nyborgstunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.

4. Lindås kommune ber om at Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune arbeider vidare saman med Lindås kommune med sikte på å gjere naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv 57 Knarvik-Isdal (inkl. bomstasjon ved Isdal) snarast

vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken, mellom anna:

- Vurdere om det er mogleg å byggja og ta i bruk eitt av tunnellopa, før det andre vert bygt.
- Avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular
- Vurdere finansieringsløyisingar (auka offentleg innsats etc.)

Jmf tillegg p.1 viser Lindås kommune til at Knarvik-Isdalstøtunnelen må sjåast i samanheng med ei framtidig løyising for E 39.

5. Statens vegvesen vert oppfordra til å greie ut moglegheita for at to bilar i same husstand, knytt til felles avtale, oppnår rabatt ved å verta registrert med totalt antal plasseringar.

6. Styret i Nordhordlandspakken AS vert oppfordra til å greie ut spørsmålet om etterkrevjing av bompengar, og kjem tilbake til kommunane for å synleggjere konsekvensane med ei slik ordning.

7. Utifrå nytteprinsippet ser Lindås kommune at ein del av den udefinerte restpotten i Nordhordlandspakken går til prosjekter i Meland kommune.

8. Med vesentleg overskridingar i einskildprosjekt ber Lindås kommune styret i Nordhordlandspakken AS å koma attende for å synleggjere konsekvensar og eventuelt endringar i prioriteringa.

9. Lindås kommune støttar det vidare arbeidet med Nordhordlandspakken under føresetnad av at punkta i høyringsvedtektene vert tatt til følge

Fylkeskommunal handsaming:

Fylkestinget handsama bompengesøknad for Nordhordlandspakken 10.12.14 og gjorde følgjande vedtak:

1. Fylkestinget ser at det er naudsynt å gjennomføre Nordhordlandspakken i fleire trinn, for å sikre snarast mogleg byggjestart for prosjekta som er planavklarte. E39 Nyborgtunnelen og Fv57 Knarvik-Isdal vert innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken så snart det ligg føre avklarte planar og finansieringsløyising for desse prosjekta.
2. Fylkestinget ber om at Statens vegvesen og Bergen kommune medverkar til rask planavklaring av Nyborgtunnelen slik at prosjektet vert prioritert i neste revisjon av Nasjonal transportplan og kan innlemmast i Nordhordlandspakken. Fylkestinget føreset at det vert lagt opp til ei god og framtidsretta løyising for Nyborgtunnelen som tek omsyn til transporteffektivitet, framtidig transportmønster i Bergensområdet og framkomst for kollektivtrafikken.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen sørgje for naudsynte avklaringar slik at prosjektet Fv57 Knarvik-Isdal snarast kan vurderast innlemma i Nordhordlandspakken gjennom revisjon av pakken;
 - a. vurdere om det er mogleg å byggje og ta i bruk eit av tunnellopa, før det andre vert bygt.
 - b. avklara framdrift og finansiering knytt til flytting av skular.

4. *Med atterhald om tilslutnad i kommunane i Nordhordland tilrår fylkestinget søknad om delvis bompengefinansiering av Nordhordlandspakken datert 03.03.2014, samt med dei justeringane som går fram av høyringsbrevet til kommunane frå Statens vegvesen Region vest, av 30.04.2014, med følgjande merknader og endringar:*
 - c. *Fylkestinget er samd med Lindås kommune i at 90 mill. kr i bompengar kan omdisponerast frå Mundalsberg tunnelen, til bruk i Knarvik sentrum (70 mill. kr) og til planlegging av tunnel mellom Knarvik og Isdalstø (20 mill. kr) på Fv57.*
 - d. *Fylkestinget går inn for at det vert etablert ein ny bomstasjon i Isdalstø. Dette vil i større grad ivareta nytte- og likskapsprinsipp i det samla bompengelopplegget og bidra til nødvendig styrking av finansieringsopplegget i pakken.*
 - e. *Fylkestinget går inn for at den ufordelte ramma på 100 mill. kr i pakken hovudsakleg vert nytta til tiltak på vegnettet i Meland kommune (fylkesveg 564 Fløksand-Vikebø), i tillegg til at den kan fungere som ein buffer mot eventuell kostnadsauke og inntektssvikt i pakken.*
 - f. *Fylkestinget går inn for at det vert lagt opp til to-vegs innkrevjing i bompengesnitta. Fylkestinget legg til grunn et taksnivå i området 12-14 kr.*
5. *Fylkestinget vedtek ei fylkeskommunal økonomisk ramme for Nordhordlandspakken på 230 mill. kr, og vil i dei årlege budsjetta kome attende til konkrete løyvingar på aktuelle prosjekt. Dei fylkeskommunale løyvingane må i første rekke nyttast til å sikre gjennomføring av kollektivtiltaka i pakken.*
6. *Fylkestinget går inn for at det vert etablert eit kontaktutval med representantar frå Regionrådet Nordhordland, Statens vegvesen og Hordaland fylkeskommune for styring og koordinering av gjennomføring av Nordhordlandspakken.*

Vurdering:

I saksutgreiinga frå fylkesrådmannen blir det presisert at det er nødvendig å få på plass større lokal tilslutnad til opplegget i Nordhordlandspakken. Vedtaket frå Fylkestinget 10.12.14 blir derfor sendt tilbake til kommunane i Nordhordland for høyring og tilslutnad. Rådmannen ser at Fylkestinget har tatt med mange av momenta som kom inn i den politiske handsaminga i Lindås, og rår til at Lindås kommune sluttar seg til vedtaket frå Fylkestinget.